

## **Forskrift om endring av forskrift 3. juli 2006 nr. 881 om skogfond o.a.**

Fastsett av Landbruks- og matdepartementet 03.03.2014 med hjemmel i lov 27. mai 2005 nr. 31 om lov om skogbruk § 8, § 14, § 15 og § 16.

I forskrift 7. juli 2006 nr 881 om skogfond o.a skal det gjerast følgjande endring:

### I

§ 9 skal lyde:

#### § 9. Oppgaveplikt

Alt skogsvirke som er omfatta av måleplikt etter § 3 skal meldast til ein landsomfattande virkesdatabase. *Meldinga skal omfatte:*

~~Følgjande opplysningar skal registrerast:~~

1. eigdommen sitt hovudnummer-
2. namn og adresse på eigaren-
3. namn og adresse på kjøparen ~~(gjeld berre når kjøpar er ansvarleg for registreringa)~~-
4. *kontraktsnummer eller anna referansenummer som identifiserer kontrakten mellom eigaren og kjøparen*
4. 5.volum av det målte skogsvirke i fastkubikkmeter under bark, juletre og pyntegrønt i høvesvis tal og kg-
- ~~5.6.~~ bruttoverdien av målt virke (jf. § 2)-
- ~~6.7.~~ innbetalt beløp til skogfond-
- 7.8. *kva system skogeigar eller den som sel på vegne av skogeigar er sertifisert etter*
- ~~8.9.~~ *informasjon om at ei aktsomhetsvurdering etter forskrift om gjennomføring av forordning 995/2010 er utført.*

*Opplysningane skal vere fordelte på sortimentsgrupper. Når sortimentsgruppa ikkje eintydig viser kva treslag det gjeld, skal dette gå fram av ei eiga treslagsliste.*

*Sortimentsgruppene er:*

1. industrivirke av gran (under dette edelgran, sitka, og lutzii) fordelt på sortimenta spesial, prima skur, sekunda skur, annan skur, sams skur og massevirke, massevirke og anna rundvirke-
2. industrivirke av furu (under dette contortafuru, lerk, thuja, hemlock og douglas) fordelt på sortimenta spesial, prima skur, sekunda skur, annan skur, sams skur og massevirke, massevirke og anna rundvirke-
3. industrivirke av lauv fordelt på sortimenta spesial, skur, sams skur og massevirke og massevirke-
4. virke til ved og til annan produksjon av biobrensel, fordelt på bar og lauv-
5. juletre og pyntegrønt-

Kjøparen er ansvarleg for å registrere måleopplysningane, men der registreringa skjer i måleforeininga sine virkessystem tek måleforeininga over det vidare registreringsansvaret.

*Der måleforeininga sine virkessystem ikkje blir brukt, skal innmeldinga som eit minimum delast opp i henhold til sortimentsgruppene, og aktuelle treslag skal gå fram for kvar gruppe.*

Der måleforeininga sine virkessystem ikkje blir brukt skal innmeldinga skje på skjema eller *gjennom* elektronisk medium. I tilfelle der kjøparen ikkje pliktar å betale inn til skogfond, jf. § 7, 2. *andre* ledd, nr. 3 og 4, så er det høvesvis skogeigaren eller allmenningsstyret som er ansvarleg for innmeldinga ~~oppgåveplikta ved registrering på skjema eller elektronisk medium.~~

Registreringa skal skje seinast innan utløpet av den månaden heile eller delar av oppgjeret for det leverte virket forfell til betaling. Ved *slutten av året* ~~årets slutt~~ skal alt virke som er levert og som tidlegare ikkje er innmeldt, meldast.

*Skogeigar har ansvaret for at kontrakten og dokumentasjonen for gjennomført aktsomhetsvurdering blir tekne vare på i minst fem år etter hogsten, og den må kunne leggast fram ved kontroll*

## II

Forskrifta tek til å gjelde frå det same tidspunkt som forskrift om gjennomføring av forordning 995/2010 tek til å gjelde.